
Saknr: 2020/41164-1
Saksbehandlar: Even Vaular

Saksgang

Utv.aksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet	11.03.2020

Løyving til trygg skuleveg/Hjertesone og punktutbetring - framlegg til fordeling

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet vedtar at løyvinga på 5 mill. kr. til trygg skuleveg/Hjertesone og punktutbetring vert fordelt til følgjande tiltak:

Kommune	Tiltak	Føremål	Tildeling (kr)
Modalen	Punktutbetringar langs fv. 569, frå Høvdalstunnelen inn mot Slottsporten	Punktutbetring	1.400.000
Fjaler	Rabatt for å løysa utfordring med sikthindrande kantparkering på fv. 61 ved Våge skule	Trygg skuleveg/ Hjertesone	50.000
Fjaler	Forsterka belysning og flytting av gangfelt på fv. 57 ved Dingemoen skule	Trygg skuleveg/ Hjertesone	1.500.000
Askvoll	Ferdigstilling av lysanlegg med forlenging til gangfelt på fv. 609 i Holmedal	Trygg skuleveg	1.000.000
Høyanger	Betre lyssetting av Hjetland bru på Fv55	Trygg skuleveg	150.000
Øygarden	Fv. 5240 Arefjordvegen - nye LED-armaturar på strekning til kryss mot Brattholmen	Trygg skuleveg	400.000
Stord	Intensivbelysning av gangfelt i fv. 5044 Vestlivegen	Trygg skuleveg	500.000
		SUM	5.000.000

Samandrag

I budsjett for 2020 vart det løyvd 5 mill. kr. til føremåla trygge skulevegar/Hjertesone og punktutbetring. Fylkesdirektøren har varsla for hovudutvalet at ho vil leggja fram sak med forslag til fordeling av løyvinga. Forslaget vert lagt fram i denne saka. I forslaget vert det lagt vekt på gode trafikktryggingstiltak som er klare for gjennomføring i 2020. Dette av di det er ønskeleg med ei best mogleg utnytting av løyvinga.

Dina Lefdal
fylkesdirektør for infrastruktur og veg

John Martin Jacobsen
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Referat frå møte om punktutbetringar fv. 569 Modalen
- 2 Veglystiltak på fv. 240 Arefjordvegen
- 3 Ts-tiltak på fv. 57 ved Dingemoen skule - kostnadsfordeling
- 4 Ts-tiltak på fv. 57 ved Dingemoen skule - tekniske teikningar
- 5 Ts-tiltak på fv. 57 ved Dingemoen skule - e-post
- 6 Betre lyssetting av fv. 55 Hjetland bru - Høyanger
- 7 Forlenging av veglys-tiltak Holmedal - Askvoll
- 8 Intensivbelysning av gangfelt i fv. 5044 Vestlivegen - Stord

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I innstillinga til budsjettsaka frå finansutvalet 26. november vart det av fleirtalet lagt til 5 mill. kr. til «Trygge skuleveggar/Hjertesone - punktutbetring», som endring frå føreslått budsjettokument. Administrasjonen innarbeidde så denne løyvinga i budsjettframlegget før slutthandsaminga i desember. Her vart løyvinga lagt inn under FTU-midlane i driftsbudsjettet. Såleis vart ramma for FTU-midlane auka.

I sak om fordeling av FTU-midlar for 2020 (PS 8/2020, handsama i SAMO 13. februar) vart det presisert at dei 5 mill. kr. burde gå til dei føremåla som dei var tiltenkt. I saka føreslo fylkesdirektøren at løyvinga vert nytta til prosjekt på fylkesveg som er klare for gjennomføring. Det inneber tiltak som er ferdig planlagde, prosjekterte og der behovet for avklaringar er små. Dette er viktig for å sikra at tiltaka vert gjennomførte og midlane nytta fullt ut i 2020. Fylkesdirektøren varsla at det i eit seinare møte i hovudutvalet ville bli lagt fram eit forslag til bruk av løyvinga.

Forslaget vert lagt fram i denne saka.

Om fylkesdirektøren si tilråding

Dei siste åra har det i Hordaland, gjennom dei årlege budsjettvedtaka, vore gitt ei ekstraløyving til trafikktryggingstiltak retta mot trygg skuleveg og punktutbetring. I 2019 inkluderte denne løyvinga også Hjertesone-tiltak. Desse løyvingane har blitt lyst ut som tilskotsordningar som kommunane har kunna søkt på. Fylkesdirektøren ser desse løyvingane i samanheng med årets løyving, og vil kort forklara kvifor me fremmar forslag om tildeling til konkrete tiltak, framfor å lysa ut midlane som ei tilskotsordning. I hovudsak heng dette saman med våre erfaringar med varierende framdrift og gjennomføring av tilskotsprosjekt der kommunane er byggherre, og at årets løyving er relativt liten sett opp mot løyvingane i Hordaland føregåande år.

Løyvinga i 2019 var på 42 mill. kr, der 35 av desse vart lyst ut som midlar kommunane kunne søka på. Storleiken på potten gav rom for tildeling til relativt store tiltak, noko som nok gjorde det meir interessant for kommunane å prioritera å jobba fram søknadar om tilskot. Det resulterte i søknadar frå 23 av dei 33 kommunane i gamle Hordaland, med ei samla søknadssum på 113 mill. kr. Til samanlikning ser me at er liten pågang på årets tilskotsordning til fysiske trafikktryggingstiltak, som har ei ramme på drygt 5 mill. kr^[1]. Mange kommunar har nok prioritert andre oppgåver og gjeremål, kanskje særleg dei nye, samanslåtte kommunane.

Fylkesdirektøren ser det som tenleg for framdrifta å tildela til konkrete tiltak. Då har me større kontroll på framdrift og gjennomføring, og behovet for oppfølging av tiltak og byggherre vert mindre. Når løyvingane vert gjort til tilskotsordningar kjem ein fort langt ut på våren før ein får gjort vedtak om tildeling. Me har primært eit ønske om at tiltak vert gjennomført same år som tildelinga. Det vert utfordrande med seine tildelingar. I 2019 var det i Hordaland 59 aktive tilsegn, av desse var 22 overført frå tidlegare år. Dei sistnemnte innebar tilsegn om tilskot på over 20 mill. kr. Tilsegn overført til 2020 ligg på vel det dobbelte. Det må presiserast at det for dei større løyvingane er opna for gjennomføring av tiltaka over to år.

Tiltaka som er valde i fylkesdirektøren sitt forslag er punktutbetringstiltak, tiltak på skuleveg og tiltak av Hjertesone-karakter. Det vil seie at dei er nært knytt til skuleområdet og trafikkavviklinga der. Dei aktuelle skulane har ikkje nødvendigvis sett i gang eigne prosessar med Hjertesone, som då gjerne også vil innebere eigne initiativ med FAU og elevar, der ein saman jobbar for å få fleire til å gå og sykla til skulen. Generelt vil me oppmoda skular til å vurdere Hjertesone som tiltak.

Vedtakskompetanse

Jamfør reglement for økonomiforvaltninga punkt 3.2 har hovudutvala «mynde til innanfor sitt budsjett- og ansvarsområde å gjere endringar i og mellom løyvingsnivåa i driftsbudsjettet slik det går fram av budsjettreglement og dei årlege budsjettvedtak». I budsjettreglementet i vedtatt budsjettokument står det også, i punkt 3.5.6 at hovudutvalet «har mynde til å disponere ufordelte løyvingar innanfor sitt arbeidsområde. Dette gjeld både drifts- og investeringsløyvingar».

[1] Sak om tildeling frå tilskotsordninga til fysiske trafikktryggingstiltak kjem opp som sak for SAMO 15. april 2020.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Løyvinga inngår i budsjett for 2020.

Klima: Fysiske trafikktryggingstiltak har i utgangspunktet ingen direkte verknad på klimaet. Generelt må nye vegtiltak verta tilpassa klimaendringar, til dømes ved å kunna handtera større nedbørsmengder.

Folkehelse: Fysiske trafikktryggingstiltak kan bidra positivt til folkehelsa, både ved at dei gir færre trafikkulykker og ved at trygge trafikkmiljø fremjar gåing og sykling.

Regional planstrategi: Regional planstrategi er under utarbeiding, og vert såleis ikkje referert til her.

Framlegg til fordeling

Fylkesdirektøren føreslår at tiltaka vert fordelt på tiltaka i tabellen under. Skildring av tiltaka følger vidare i saksutgreiinga. Det er også lagt ved vedlegg som gir ytterlegare informasjon om tiltaka.

Kommune	Tiltak	Føremål	Tildeling (kr)
Modalen	Punktutbetringar langs fv. 569, frå Høvdalstunnelen inn mot Slottsporten	Punktutbetring	1.400.000
Fjaler	Rabatt for å løysa utfordring med sikthindrande kantparkering på fv. 61 ved Våge skule	Trygg skuleveg/ Hjertesone	50.000
Fjaler	Forsterka belysning og flytting av gangfelt på fv. 57 ved Dingemoen skule	Trygg skuleveg/ Hjertesone	1.500.000
Askvoll	Ferdigstilling av lysanlegg med forlenging til gangfelt på fv. 609 i Holmedal	Trygg skuleveg	1.000.000
Høyanger	Betre lyssetting av Hjetland bru på fv. 55	Trygg skuleveg	150.000
Øygarden	fv. 5240 Arefjordvegen - nye LED-armaturar på strekning til kryss mot Brattholmen	Trygg skuleveg	400.000
Stord	Intensivbelysning av gangfelt i fv. 5044 Vestlivegen	Trygg skuleveg	500.000
		SUM	5.000.000

Skildring av tiltaka

Punktutbetringar langs fv. 569, Modalen kommune

Nordhordlandspakken har ei rammeløyving på 2,1 mill. kr. til punktutbetringstiltak i Modalen. I samarbeid med kommunen er det peikt ut ni aktuelle punkttiltak på fv. 569 på strekninga frå Høydalstunnelen (mot Romarheim) og inn mot Slottsporten. Dei fleste punkta ligg i svingar eller bakketoppar med dårleg sikt. Tiltaka handlar om å utvida vegbana. Dei aktuelle tiltaka er prosjekterte og er klare til gjennomføring. Det er inngått kontrakt med entreprenør som skal starta opp arbeidet våren 2020.

Finansieringa i Nordhordlandspakken dekker fire av dei ni punkttiltaka, etter at tiltaka har blitt kutta noko ned. For utbygging av alle punkttiltaka er det trong for 2,8 mill. kr. I møte med kommunen er dei blitt utfordra til å bidra til å få til ei fullfinansiering¹. Dei vil handsama førespurnaden i kommunestyret 26. mars. Prosjektorganisasjonen for realisering av Nordhordlandspakken blei overført til fylkeskommunen frå årsskiftet.

Fylkesdirektøren innstiller på ei tildeling på 1.400.000 kr. til prosjektet.

Rabatt for å hindra kantparkering på fv. 61 ved Våge skule, Fjaler kommune

Ved Våge skule i Fjaler er det aktuelt å få gjennomført eit mindre tiltak som betrar trafikktryggleiken for mjuke trafikantar som skal kryssa fv. 61 attmed skulen. Det er her snakk om å etablere ein rabatt for å hindra kantparkering som tar sikt mot kryss og ei ny avkøyrsløype til fylkesvegen. Rabatten er eigentleg krav i eit avkøyrsløype som kommunen har fått. Kostnaden ved tiltaket er låg, og tiltaket kan gjennomførast omgåande med fylkeskommunen som byggherre.

Fylkesdirektøren innstiller på ei tildeling på 50.000 kr. til tiltaket.

Forsterka belysning og flytting av gangfelt på fv. 57 ved Dingemoen skule, Fjaler kommune

I Fjaler vert det utført trafikktryggingstiltak i samband med bygginga av ny 1-10-skule på Dingemoen. Ved dagens skule har det vore ein uoversiktleg trafikksituasjon, med ei svært uheldig blanding av mjuke og harde trafikantar innanfor eit avgrensa område. Det er mange skulebussar, drosjer, foreldre som køyrer barna sine til SFO, tilsette som skal parkera og barn som går på skuleveg.

Ny skule, som skal stå klar ved skulestart 2021, vil ha om lag 110 fleire elevar, og behovet for ei ryddig og trygg avvikling av trafikken vil då vera endå større. Ts-tiltaka som er planlagt ved skulen inneber eit nytt terminalområde med busstopp for fem samtidige bussar, kortstopp-soner for av- og påstiging for dei som vert køyrt til skulen og parkeringsplassar for 60 tilsette. I tillegg er det planlagt ts-tiltak på fv. 57 attmed skulen. Det er desse tiltaka me ønskjer å nytta delar av løyvinga til. Her er det planlagt å flytta eit heva gangfelt til ei meir gunstig plassering for kryssingspunkt, forsterka belysing, montering av fartsdumpar og å setja ned fartsgrensa ved skuleområdet.

Fylkesdirektøren innstiller på ei tildeling på 1.500.000 kr. til tiltaka på fv. 57, tilsvarande kostnadane (kr eks. mva) knytt til desse tiltaka. Dette inkluderer også del av felleskostnadar, då tiltaka på fv. 57 vil verta utført som del av same kontrakt som dei andre ts-tiltaka ved den nye skulen.

Ferdigstilling av lysanlegg med forlenging til gangfelt på fv. 609 i Holmedal, Askvoll kommune

Ved Holmedal i Askvoll kommune er det på fv. 609 starta opp eit veglystiltak på ei strekning frå skulen i sentrum til nokre bustadfelt utanfor sentrum. Trafikkmengda er på om lag 1000 køyretøy per døgn (ÅDT) og fartsgrensa er sett til 60 km/t. Det påbyrja tiltaket manglar midlar for ferdigstilling. Det er grave grøfter, lagt ned trekkerøyr og mastefundament er etablert. Det som står att er å trekka kablar, montera og kopla master, armaturar og skap, og betala anleggsbidrag. Ferdigstilling av eit påbyrja tiltak er openbert viktig. I dette tilfellet får ein ikkje henta ut noko gevinst for trafikktryggleiken, då veglys ikkje er kopla til. Me ser at det også vil vera tenleg og eit godt ts-tiltak å utvida den planlagde veglys-strekninga med 300 meter, slik at me får belyst eit overgangsfelt som ligg noko uoversiktleg til.

Fylkesdirektøren innstiller på ei tildeling på 1.000.000 kr. til tiltaket, noko som vil sikra ferdigstilling og forlenging av veglystiltaket.

¹ Referat frå møtet med kommunen er vedlagt saka. I vedlegget finn ein også ei prosjektskildring med kartfesting av punkttiltaka.

Betre lyssetting av Hjetland bru på fv. 55, Høyanger kommune
Hjetland bru på fv. 55 ligg i Høyanger tettstad i kommunen med same namn. Fylkesvegen her har ei trafikkmengde på om lag 450 køyretøy i døgnet (ÅDT), med ein stor del lange køyretøy (15 prosent). Fartsgrensa er 60 km/t. Brua er nytta til skuleveg. Belysninga på brua er dårleg, og det er ønske om å byta ut armaturar for å sikra ei betre belysning. Dette vil gjera forholda tryggare for mjuke trafikantar som nyttar brua.

Fylkesdirektøren innstiller på ei tildeling på 150.000 kr. til tiltaket.

Nye LED-armaturar på del av fv. 5240 Arefjordvegen, Øygarden kommune
Delar av fv. 5240 Arefjordvegen i Øygarden kommune har svært låg standard, med smal og svingete veg, mange dårleg utforma avkøyrslar og manglande tilbod til mjuke trafikantar. På den aktuelle delstrekninga av fylkesvegen er vegbelysninga svært dårleg. Trafikkmengda er rundt 2 800 køyretøy, og fartsgrensa 50 km/t, med unnatak av to korte strekningar med 40 og 30 km/t. Fylkesvegen er skuleveg for elevar på Brattholmen skule. Det pågår reguleringsplanarbeid for gang- og sykkelveg mellom krysset til Brattholmen og Arefjordsbrua, men det er for tidleg å seia noko om finansiering og gjennomføring av dette tiltaket. Me ønskjer å få skifta ut dei 41 eksisterande lampane til nye LED-lampar (og armaturar), noko som vil gjera belysninga på strekninga mykje betre. God belysning er eit tiltak som normalt reduserer risikoen for ulykker. Dette gjeld særleg for mjuke trafikantar.

Fylkesdirektøren innstiller på ei tildeling på 400.000 kr. til tiltaket.

Intensivbelysning av gangfelt i fv. 5044 Vestlivegen, Stord kommune
Intensivbelysning av gangfeltet i fv. 5044 ved krysset til fv. 5050 Hystadvegen er eit godt trafikktryggingstiltak som er klart for gjennomføring. Tiltaket ligg nære eit område med ungdomsskule, barnehage og eit større og mykje brukt idrettsanlegg, med fotballbanar og idrettshall. Trafikkmengde på staden er 3900 ÅDT, med fartsgrense 50 km/t. I samband med eit gjennomført prosjekt på fv. 5050 er allereie mykje klargjort for etablering av intensivbelysning.

Fylkesdirektøren innstiller på ei tildeling på 500.000 kr. til tiltaket.

Konklusjon

Fylkesdirektøren sitt framlegg til fordeling inneheld gode trafikktryggingstiltak innanfor føremåla til løyvinga. Det er lagt vekt på å finna tiltak som med stor grad av sikkerheit vil kunna la seg gjennomføra i løpet av 2020. Dette er viktig for å få nytta løyvinga best mogleg. Fylkesdirektøren vil presisera at det likevel vil vera noko rom for at uføresette hendingar kan medføra forseinkingar i prosjekta.